

DAG 3

Karl Seglem

Ny dag på turné. Tidleg opp, og irriterande (morgongretten eg?) med ein matsal på eit omtrent tomt hotell som ikkje blir opna opp før eit minutt over sju når ein skal avstad tjue minuttar etterpå. Nattevakten var også ny (og svensk), og klarte ikkje å skriva ut rekning på to middagar og nokre glas med raudvin. Før omsider. Kjørde i litt over ein time mot Hemsedal. Morgonlyset. Elgspora. Sjå dagen gry i vinterdalen, vinterlandet. Svært vakkert. Trøytt kropp i bilsetet. Me fann vegen inn frå tjuetre minus og der venta hyggeleg mottaking - med kaffi.

Tegningane hadde dei jobba mykje med. Store og tydelege. Me starta konsertdagen med fotball-spark! På veggene ein stor tegning av ein fotballspelar med føtene på kryss og tvers. Eg begynnar med å gå bort til den tegningen og laga lydar gjennom bukkehornet. Terje kjem etter. Stiller seg opp og sparkar med foten, lagar ein vææææ lyd og peikar på elevane at dei skal gjera det samme. Nølande. Eit og anna forsiktig vææææ, men etter tre fire gonger stig volumet. Folk flirer må veta. Me også. Dette var gøy. Kan ikkje hugsa at me har gjort akkurat det før. Ein ny ting altså: Terje sparka foten høgt rett opp og ungane vrælte vææææææææ. Dette vart den raude tråden i konserten. Plutseleg, midt i noko anna letta Terje foten høgt rett opp, og alle vrælte vææææææææ.

Litt avventande publikum. Reservert. Slik det av og til er når ungar frå 6 til 12-13 år er samla. Dei største held på ein måte litt igjen. Men me tinte dei - dei var med, vart med.

Me lagde mange fine klangbilder. På eindel konsertar har me gjetteleik. Me fortel elevane at me skal spela, setja musikk til ein av plakatane på veggene og så skal dei gjetta kven me har valgt. Då velger me frå alle tegningane enten det står musikk eller ikkje musikk på dei. Denne dagen spelte me først ein tegning med ein stor hai. Haijazz. Så ein med mange bilar, og ein traktor. Konserten vart teke opp på dvd. Dei lova å senda den til meg.

Me pakka. Sette utstyret igjen inne i huset fordi det var over minus tjue ute og me måtte venta før me køyrde til neste skule. Terje gjekk for å sjå seg etter nye langrennski. Eg vart med til lærarrommet og tok ein kopp kaffi. Nytt langt opphald mellom konsertane, og me hadde bestemt oss for å seia ifrå om det til turneleggar, til neste runde.

Klokka litt over halv tolv køyrer vi til neste skule. Her blir eg møtt av ein autist som helst ikkje ser at eg går inn den døra, men eg godsnakkar og me kjem oss ned den bratte trappa med utstyret.

Me riggar. Positiv energi frå jentene som heng opp tegningar medan vi riggar. Før konsertane startar gjer me det slik at me gøymer oss. Me er ikkje til stades i konsertlokalet når publikum kjem inn. Det er ein frå skulen som ønskjer velkommen og stikkordet er at når det blir stille - kjem me inn og begynnar. Ofte er det full applaus når me kjem inn - men også ofte stille. Nokre dagar treff me planken betre enn andre dagar. Eg veit ikkje kva som gjer det. Det er alltid spennande å gå inn i konsertsalen og kjenna forventningane som ligg i den stilla. Før improvisasjonen. Før ein går igang med risikosporten. Flotte tegningar idag. Me lagar ein fin snøras song med bulder, snø, og skrik. - Og latter. Auga blir tent. Dei er med. Me lokkar fram elevar som får spela på stein, tre og blåserøyr. Kommunikasjon. Ny gjetteleik. Me velg oss ut og spelar ein stor tegning med masse blått i, vatn, fjell, ein båt - eit tog?

Dei gjettar riktig. Me takkar for oss. Køyrer ut porten klokka 13.18. etter endt arbeidsdag, ein onsdag i januar. Då gjeld det om å komma seg på ski før det blir for mørkt. Men det var vel litt for kaldt til det?